



Ronald Clark Baird
Storheia 2
5239 RÅDAL

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1937 - 19/33117

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
12.11.2019

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 195/88 Leiknes

Byggjestad: Gbnr: 195/88
Tiltakshavar: Ronald Clark Baird

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 19.07.2019. Vi beklagar samtidig at saka har blitt liggjande utan oppfølging tidlegare. Dette skyldast ein feil frå vår side. Vi treng litt meir informasjon frå deg slik det går fram nedanfor. Saka blir samtidig sendt til uttale frå Fylkesmannen i Vestland. Uttalefristen er 4 veker. Vi vil gjere vårt beste for å unngå ytterlegare forseinkingar i saka. Ta gjerne kontakt direkte med saksbehandlar om du har spørsmål til saka, sak nr 19/1937.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dokumentasjonen på at naboane er varsla kjem ikkje godt nok fram. Ved gjennomgang av søknad og vedlegg framstår det litt uklart om naboar er varsla ved rekommandert brev eller om dei har signert. Vi ber om at det sendast inn dokumentasjon som viser signatur frå naboar eller at brev er sendt rekommandert.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 12.12.19. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.



Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ronald Clark Baird

Storheia 2

5239

RÅDAL